

Alver kommune
Byggesak

F01

Eikangervåg, 06/09-2021

Følgerev / redegjørelse søknad om sammenslåing av enheter gbnr. 173/90

Tiltaket

Det vert søkt om samanføyning av bueiningar på gbnr. 173/90. Eigedommen er i dag bebygd med ein einbustad med sokkelleilegheit. Det er no tiltakshavar sitt ynskje å slå denne saman med hovudeininga.

Livs- og familiesituasjonen gjer at dette no er rett, ein er heller ikkje avhengig av inntektene frå utleige på same måte som før. Ei formell samanslåing vil redusera kostnaden i form av kommunale gebyr o.a.. for tiltakshavar og ein ynskjer difor dette.

Eigedommen ligg på Seim og er omfatta av reguleringsplan «Solbakken del av gbnr. 173 bnr. 3». Eigedommen er avsett til bustad og tiltaket er i tråd med dette.

Søknaden omfattar samanslåing som beskrive, for å fysisk slå saman einingane vert det monterte trapp som vist på vedlagte tegningar. Det vert ikkje utført anna arbeid eller byggtkniske endringar på bustaden utover montering av trappa. Dette vert prosjektert og utført av Kålås Bygg AS som også har stilt ansvarsrett for arbeidet.

Bustaden vil ha same tekniske stand etter samanføyning som før, det er ikkje gjort endringar på dette. Vi har ikkje søkt om fritak for TEK her då tiltaket ikkje medfører endring eller ombygging av eksisterande bygningsmasse samstundes som bruken er som før med unntak av noko redusert bil- og persontrafikk i området som følgje av samanføyninga.

Nabotilhøve / merknader

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Vår vurdering er at omsøkt tiltak i svært liten grad berører naboane sine interesser og at nabovarsling difor kan unnlatast etter PBL 21-3. 2. ledd.

Plassering

Plassering er vist i vedlagte situasjonskart D0, det er ingen endring i plassering eller ytre rammer ellers.

Utnyttingsgrad

Ved utrekning av BYA har vi lagt til grunn areal målt opp på Nordhordlandskart. Etter det vi finn er u-grad på eigedommen 27% BYA og noko over kravet i reg. plan. Vi ser dette uansett for irrelevant i denne saka og vurderer at det ikkje er naudsynt med søknad om dispensasjon.



Tiltaksklasse og ansvarsrettar

Etter vurdering av funksjonar og fagområde i tiltaket har ein lagt alt i tiltaksklasse 1. Det er «berre» tale om utveksling av eit bjelkelag og montering av trapp som skal utførast og omfanget av dette arbeidet ligg godt innafør rammene i tiltaksklasse 1.


Oppsummering og vurdering

Det vert søkt om samanføyning av hovedenhet og leilighet. Tiltaket er i tråd med relevante krav i reguleringsplan og heile tiltaket er dekkja gjennom våre ansvarsrettar. Det er inga endring i bygningsmassen utover montering av trapp, og heller ingen auke / endring i bruk som følgje av tiltaket.

Me vonar snarleg og positivt svar, skulle det vera behov for avklaringar er det velkomne til å ta kontakt på mail eller telefon.

Med vennleg helsing

Kålås Bygg AS



Lars A. Hagesæter
Ansvarleg søkjar

